



Martin H. Arnesen(framme t.v.) og laget hans vann med solide sifrar i første kamp.

I dag vart dei første kampane i Norway Cup avvikla og 5 av dei 6 laga der uskedelingar er involvert, hadde kamp. Resultatmessig vart det ingen stor dag, men det vart gjort ein god innsats, og alle hadde ein strålende dag med solskin, lett bris og 24 grader. Resultata kjem nok utover i veka!

Det starta med to kampar kl.11. J16 laget til Uskedal/Rosendal kjempa godt, men jentene som starta seint med organisert fotball måtte til slutt tola eit 1-9 tap mot Aksla. G16 laget som spela samstundes, hadde ein jamn kamp mot Skade. Dessverre enda også denne med tap, 0-1.

I G14 klassen spela Rosendal/Uskedal mot Stokke. Innsatsen var god, men motstandaren var endå betre. Dermed vart det 1-5 tap. G13 laget møtte finsk motstand, KoiPS. Finnane viste seg å ha eit godt lag og vann til slutt 1-2. Dermed vart det tap i dei 4 første kampane for Rosendal/Uskedal i årets turnering. Heldigvis er det fleire muligheter allereie i morgon. Vi spår det vert fleire sigrar alt då!

Martin H. Arnesen var einaste uskedeling som fekk oppleva vinnarglede den første dagen. Laget hans TRIO G14 sikra seg nemleg ein solid 4-1 siger over Gjekstad & Østerøya frå Sandefjord.

De finn m.a. kva [uskedelingar som spelar på dei ulike laga ved å klikka her.](#)



G13 laget til Rosendal/Uskedal kjempa godt mot det finske laget

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto frå RT og IL Trio sine facebooksider.